



Rettleiing til søkjar av utsleppsløyve for utslepp av avløpsvatn under 50 pe, forureiningsforskrifta kapittel 12

Slik fyller du ut søknadsskjemaet

1. Eigedom/byggestad

Her skal du føre opp gardsnummer, bruksnummer og adresse på bygningen eller bygningane som skal knytast til avløpsanlegget.

2. Søknaden gjeld

Her skal du opplyse om søknaden gjeld eit nytt utslepp, vesentleg auke av utsleppet eller endring/rehabilitering av eksisterande anlegg. Du må opplyse om søknaden gjeld heilårsbustad, fritidsbustad og/eller annan bygning, og talet på bygningar i dei ulike kategoriane. Det må også gjerast greie for om bygget har vassklosett eller om det skal installerast vassklosett.

Vesentleg auke kan vere at fleire bueiningar skal koplust til anlegget, installering av vatn eller vassklosett.

Den forventa storleiken på utsleppet skal først opp i talet på personekvivalentar (pe).

Personekvivalentar er eit mål på mengda organisk materiale i avløpsvatnet. Maks belastning er dimensjonerande for utsleppet og kapasiteten på anlegget. Du kan finne pe på fleire måtar, men dette er hovudreglane:

- Bustad og hytte med innlagt vann og WC: 1 person bidreg med 1 pe.
- Utslepp frå hytter med innlagt vatn utan WC: 1 person bidreg med 0,3 pe

Det vert normalt rekna 5 pe per bustad. Dvs. at eit avløpsanlegg for ein heilårsbustad må minimum dimensjonerast for ei belastning på 5 pe. Dersom det faktiske talet i bustaden er fleire enn 5 personar, må det takast omsyn til dette ved utrekning av utsleppet sin storleik.

Eksempel 1:

Eitt hus med innlagt vatn og vassklosett, 6 personar i husstanden:

$1 \times 1 \text{ pe/person} * 6 \text{ personar} = 6 \text{ pe}$. Den forventa storleiken på utsleppet er 6 pe.

Eksempel 2:

Hyttefelt med 4 hytter med innlagt vatn utan vassklosett, 10 sengeplassar per hytte¹⁾:

$4 \times 0,3 \text{ pe/person} * 10 \text{ sengeplassar} = 12 \text{ pe}$. Den forventa storleiken på utsleppet er 12 pe.

¹⁾ Det vil variere kor mange personar som oppheld seg på ei hytte. Når ein skal rekne ut forventa tal på personekvivalentar, må ein ta utgangspunkt i maksimum tal personar på hytta til same tid. Talet på sengeplassar kan vere eit godt mål på maksimum tal personar / maksimum belastning.

3. Ansvarleg søkjar / 4. eigar

Her skal du gje alle opplysningar som er nødvendige for at kommunen skal kunne kontakte deg eller sameiget/organisasjonen som søkjer om utsleppsløyve. Ansvarleg søkjar er normalt den som eig og driv anlegget (eigar), og som er ansvarleg for utsleppet, inkludert for drift og vedlikehald av anlegget.

Dersom ansvarleg søker ikkje er den same som eigar, må du informere om det ved å fylle ut punkt 2 i skjema.

5. Underskrift og erklæring

Det er ansvarleg eigar som skal underteikne søknaden. Underskrifta til ansvarleg eigar står inne for at det er gitt riktige og fullstendige opplysningar. Eigaren forpliktar seg til å følgje dei oppførte føresegnene, inkludert føresegner som gjeld drift og vedlikehald. Handheving og sanksjonar etter regelverket vil skje overfor ansvarleg eigar.

6. Planstatus

Du må sjekke med kommunen om plasseringa og utføringa av det planlagde anlegget er i samsvar med kommunen sine planar etter plan- og bygningslova. Dersom det ikkje er samsvar, må du søkje om dispensasjon frå gjeldande plan før utseppssøknaden vert behandla. Dersom du har fått dispensasjon, må vedtaket leggest ved under Vedlegg ved søknad om utsepp.

Spørsmål om planstatus kan rettast til byggesaksvakta på e-post til byggesak@lindas.kommune.no

7. Utsleppsstad

Her skal du gi opplysningar om utseppsområdet. Det vil seie om avløpsvatnet går til innsjø, bekk/elv, sjø eller anna. Du skal også føre opp namn på lokalitet og visa plassering av anlegget, med heile leidningstraseen, på kart. På det same kartet skal du også markera vegtilkomst for slamtømming og vedlikehald av anlegget.

Avløpsanlegg med slamavskiljar skal inngå i kommunal slamtømmeordning. Det vil seia at tilkomstvegen skal ha nødvendig breidde, fri høgde og bæreevne for tømmebilen, normalt 8 tonn akseltrykk. Avstand til kjørbilveg skal ikkje vera lenger enn 100 meter og tanken kan ikkje liggja lågare enn 8 meter i forhold til kjørbilveg.

Dersom søknaden gjeld utsepp til sjø/vatn, må du føre opp kor mange meter under lågaste vasstand utseppet vert ført (utseppsdjupn). Utsleppsdjupne til vassdrag skal vera minst 2 meter under lågaste vasstand. Utsleppsdjupna til sjø vert vanlegvis sett til minst 10 meter.

Kart til søknaden kan du bestilla på e-post til byggesak@lindas.kommune.no.

8. Reinsegrad

Krav til reinsegrad føl av standardkrava i forureiningsforskrifta kapittel 12. Vårt område er kjem inn under definisjonen «mindre følsamt område» i forskrifta: «Mindre følsame område er kystfarvatn og elvemunningar frå Lindesnes til Grense Jakobselv unnateke Grimstadjorden-området.»

Lokale forhold kan likevel gje andre reinsekrav. Dette er avhengig av kor utseppsstaden ligg, resipienttilhøve, brukarinteresser m.m.

Dersom søknaden gjeld gråvatn som skal sleppast ut til mindre følsam sjøvassresipient, er det ikkje krav til reinsing, og du kan krysse av i boksen «ureinsa».

Dersom du søker om unntak frå reinsekrava, skal du krysse av i boksen «Det søkes unntak fra §§12-8 til 12-9 / lokal forskrift». Hugs at du må leggje ved ei grunngiving/spesifisering for ønsket om unntak frå reinsekrava (vedlegg B).

Under punktet «Type renselanlegg» skal du oppgi kva slags renselanlegg du ønskjer å installere. Gjeld søknaden minirenselanlegg, skal du også fylle ut «Tillegg for minirenselanlegg».

Den dimensjonerte storleiken på anlegget skal først opp i talet på personekvivalentar pe. Dette finn du for eksempel i dokumentasjonen frå anleggsleverandøren. Når du skal vurdere kor stort anlegg du skal velje, bør du tenkje i eit perspektiv på 10 år. Anlegget bør uansett ikkje vere dimensjonert for mindre enn 5 pe.

9. Vedlegg til søknaden

Søknaden er ikkje å rekna som fullstendig før alle nødvendige vedlegg ligg føre. Manglar det vedlegg, kan ikkje kommunen behandle søknaden. Nedanfor finn du ei oversikt over nødvendige vedlegg med forklaring og eventuelt malar.

A. Namn på nøytral fagkyndig (person/firma) som har hjelpt til med val av reinsemetode og/eller dokumentasjon av reinsegrad

- Her skal du føre opp kven (nøytral fagkyndig person / firma / leverandør) som har hjelpt deg med utforming og dimensjonering av reinseanlegg, og dokumentasjon av reinsegrad. Ver merksam på at dokumentasjon av reinsegraden til anlegget skal vere utført av ein nøytral fagkyndig.
- Dersom du skal installere eit ferdigprodusert minireinseanlegg, må dette vere testa i samsvar med NS-EN 12566-3. Sjekk at reinsegraden som er ført opp på CE-merket til minireinseanlegget, tilfredsstillar reinsekravet for ditt utslepp (du har ført opp reinsekrav under punkt 5).
- For alle andre reinseløysingar må du dokumentere at du har nytta anerkjend dimensjonering og utforming.

B. Dokumentasjon av reinsegrad, jamfør § 12-10, og beskriving av anlegg

- Ver merksam på at dokumentasjonen skal vere utført av fagkyndig. Vedlegget skal også innehalde ei beskriving av anlegget (type/modell/leverandør og så vidare) og korleis det skal drivast.

C. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrenser og vegtilkomst på kart i målestokk 1:1000 (Kart i 1:5000 som tillegg dersom nødvendig). Avstand til nabogrense må først på.

D. Liste over eigedommar som er tilknytte avløpsanlegget med gardsnummer, bustadnummer og adresse

- Dersom du skal knyte deg til eit eksisterande reinseanlegg, må du leggje ved ei liste over kva bygningar som allereie er tilknytte anlegget. Det må også gjerast greie for kven som eig anlegget og kor mange pe anlegget er godkjend for.

E. Oversikt over interesser som søknaden vedkjem (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemd og så vidare). Skildring av tiltak for å motverka interessekonfliktar og tiltak for å sikra helse og miljø

- Brukarinteresser knytt til utsleppsstaden vil ha stor betydning for plassering og utforming av reinseanlegg eller utsleppspunkt. Vedlegget skal innehalda ei vurdering av interesser som kan/vil bli ramma av utsleppet (for eksempel drikkevatt og brønnar, jordvatning, leikeplassar, bading, fiske, turløyper og så vidare), og plasseringa til utsleppsstaden når det gjeld brukarinteresser. Drikkevasskjelder og liknande må visast på kart som følgjer søknaden.

F. Oversikt over kven som er varsla

- Du har plikt til å varsle naboar og andre spesielt involverte. Andre spesielt involverte kan for eksempel vere lag og foreiningar, eller andre som har friluftinteresser i området. Dersom du

er i tvil om kven som skal ha varsel, kan du få ei liste over desse frå kommunen. Varsel skal sendast ut med **svarfrist på minimum fire veker**.

- Du må leggja ved søknaden dokumentasjon på kven som er varsla, kopi av varselet og kvitteringar for send varsel (vedlegg G). Søknaden om utsleppsløyve kan ikkje sendast til kommunen før svarfristen på fire veker har gått ut.
Du kan nytta søknadsskjema for nabovarsling som du finn på www.dibk.no. Hugs å retta fristen for merknader til 4 veker.

G. Eventuelle mottekne klagar/protestar

- Dersom du har motteke klagar/protestar, skal dei leggjast ved søknaden. Dersom du ikkje har motteke klagar/protestar, kryssar du av i boksen «ikkje relevant».

10. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk)

Her kan du skrive eventuelle merknader som du meiner er nyttig informasjon for kommunen når søknaden skal behandlast.